



Referanser:

Dykkar:
Vår: 18/615 - 18/6240

Saksbehandlar:

Solrun Hauglum
solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no

Dato:

17.08.2018

Høyringsuttale - Utviklingsplan 2035 Helse Bergen HF

Helse Bergen HF har sendt på høyring førsteutkast til Utviklingsplan 2035 med utsett høyringsfrist for kommunane til 24. august 2018.

Nasjonal helse- og sjukehusplan (Meld. St. 11 2015-2016) legg til grunn at alle helseføretak skal utarbeida utviklingsplanar, og utviklingsplanen skal gi føringar for korleis føretaket skal utvikla seg for å kunne møta dei framtidige behova for helsetenester innanfor rammene for verksemda.

Vaksdal kommune ser på Utviklingsplan som ein svært viktig plan som vil gi direkte konsekvensar for innbyggjarane og helsetenesta i kommunen. På same måte vil endringar, prioriteringar og utvikling av tenestetilbod i kommunehelsetenesta, virka inn på spesialisthelsetenesta sine tilbod. For å få gode og effektive helsetenester, vert det derfor heilt nødvendig med godt samarbeid og god samhandling mellom nivåa.

Høyringa vart lagt fram som sak for Levekårsutvalet i Vaksdal kommune 11.06.2018. Utvalet fatta følgjande vedtak i saka:

Behandling:

Samrøystes vedtak.

LEV - sak 19/2018 Vedtak:

Administrasjonen får fullmakt til å levera høyringsuttale til Utviklingsplan 2035 Helse Bergen HF med fokus på følgjande:

1. Viktigheita av godt samarbeid og god samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta.
2. Eventuelle konsekvensar innretning av spesialisthelsetenesta vil ha for innbyggjarar eller tenester i kommunen.

Vaksdal kommune har følgjande innspel til høyringa:

- Planen virkar godt gjennomarbeida, og det er positivt at kommunane og andre interessentar har vore involverte gjennom møte for innspel og dialog.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebbensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto
Org.nr. 961 821 967

- For å utvikla gode og samanhengande helsetenester fram i tid, vert det avgjerande at spesialist- og kommunehelsetenesta samarbeidar godt. Dette gjeld også ved plan- og utviklingsarbeid. Me må framover nytta eksisterande samarbeidsfora og utvikla desse. Dette gjeld særleg dei fire Samarbeidsråda/-utvala med underutval.
- Det bør vera dialog og samarbeid rundt rekrutteringstiltak og -planar. Ingen av nivåa vil tena på at det eine nivået ikkje kan levera gode nok tenester p.g.a. personell- eller kompetansemangel. Overføring av oppgåver vil heller ikkje fungera utan nok personell med rett kompetanse.
- Spesialist- og kommunehelsetenesta bør samarbeida meir rundt kompetanseheving og forskning.
- Det vert viktig å jobba kunnskapsbasert med rett faktagrunnlag og oppdaterte tal, t.d. når det gjeld folketalutvikling og fordeling av aldersgrupper.
- Teknologi bør takast endå meir i bruk for å forbetra kvalitet og effektivisera.
- Vaksdal kommune er samd i at dagen si finansieringsordning ikkje godt nok tek høgde for endringar i behandlingsnivå, og at den ikkje stimulerar nok til førebyggjande helsearbeid og samarbeid med kommunane.
- Det er positivt at det vert satsa på å utvikla Voss sjukehus vidare.

Med helsing

Solrun Hauglum
Kommunalsjef helse og omsorg

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.